

Referat frå programstyrmøte - 17.02. 2021

Tid: 12:15-14

Sted: Zoom

SAKSLISTE:

01/21 - Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkalling og saksliste vart godkjende.

Orienteringssaker:

02/21 – Oppmeldingstall (Vedlegg 1)

03/21 - Ressursark og Rettefaktorer (Vedlegg 2)

04/21- Planlegging av neste semester: Behov for vikarer, timelærere, undervisningsassistenter for VS2021 - Frist for innmelding av behov til Arve Kjell: 15. mars

05/21- Oppretting av nytt IF-nettemne: SEK600

06/21- Møteplan VS2021 for tysk onsdager 12:15-14

17. februar programstyremøte

24. mars lærermøte

05. mai lærermøte

07/21- Sensoroppnevning fram til 2022

Lista med nyleg utgåtte sensoravtalar vart sendt på e-post til dei fast tilsette. Ingvild ber om ein melder inn til henne om det er fleire namn enn desse vi vil ha på lista. Fagkoordinator har i oppgåve å innhente godkjenning frå sensorane om at dei vil vere oppnemnde i perioden 01.01.2021 – 31.12.2022. Ingvild hjelper med denne jobben.

08/21- Timeplanlegging – snart frist for EVU-emna (7. mars).

Ingvild orienterte om frist for å melde inn undervisningstidspunkt for EVU-tilbodet for hausten; TYS635, TYS636 og TYSK621. Det vart bestemt at Ingvild lagar eit forslag basert på dei noverande timeplanane for emna (med unntak for TYSK621, som allereie er innmeldt). Fristen for innmelding er no 7. mars.

Vedtakssaker:

09/21 – Alternativt tilbud fra Kiel for våren 2021 (Vedlegg 3)

Åsta føreslår at vi utvidar til at det digitale Kiel-opplegget skal omfatte også nett-studentane, som eit frivillig tilbud til dei som kan og vil. Dersom det fungerer godt for denne gruppa kan det vere eit insentiv for dei seinare.

Torgeir gjer merksam om at eksamensperioden for TYS106 / 626 (3.-10. mai) og for TYS105/625 (11. mai) kolliderer med opplegget i Kiel.

Vi / Ingvild må seie tydeleg ifrå til SA at vårt semester ikkje er over før vi får studentane tilbake frå Kiel. Dei har undervisning der også.

Det blir foreslått at Torgeir og Kjetil fortel studentane på 100-nivået og på 600-kursa om det digitale tilbodet i Kiel denne våren.

10/21- De nye nettemnene: Emnebeskrivelser (i EpN) for TYS635 og TYS636

(Vedlegg 4+5)

Emneomtalen for TYS636 vart vedteke med ei endring på «Arbeids- og undervisningsformer»:

2 nettbaserte nettforelesingar (a 75 minutt) eller ei nettbasert forelesing (75 minutt) og ein undervisningspakke som tilsvarar ein dobbelttime.

Emneomtalen for TYS635 vart vedteken med eit par mindre endringar som kom opp i møtet.

Programstyret vedtok også å endre på «Arbeids- og undervisningsformer» TYS115 og TYS116 slik at desse svarar til å dei på TYS635 og TYS636.

11/21- Egenevaluering emne/program på bachelor- og masternivå (Vedlegg 6+7)

Vedtak: Programstyret tar evalueringene til etterretning

12/21 – Programsensorrapport (Vedlegg 8)

Ekstern fagfelle, Christiam Janss, presenterte hovudmomenta frå rapporten. Han trakk fram kravet om sensorrettlegging og for publisering av referat, kor vi har stort forbettringspotensiale.

Janss nemnde også omgrepsform vi nyttar ift. «forelesing». Ofte er det i praksis seminar ein del av det som blir kalla «forelesing» på tyskfacet ved UiB-

Vedtak: Programstyret tar rapporten til etterretning

Eventuelt:

Under «eventuelt» orienterte Kjetil om tilsetjingsprosessen av ny DAAD-lektor.